

Miljøverndepartementet  
Miljøvernminister: Helen Bjørnøy

KGL. RESOLUSJON  
Ref.nr.:  
Saksnr.:  
Dato:

## UTVIDING AV STØLSEHEIMEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I VIK KOMMUNE I SOGN OG FJORDANE FYLKE

### 1. Forslag

Miljøverndepartementet (MD) gjer med dette framlegg om utviding av Stølsheimen landskapsvernområde i Vik kommune i Sogn og Fjordane fylke. Framlegget går ut på å verne eit areal på om lag  $4 \text{ km}^2$ , av dette er  $2,5 \text{ km}^2$  sjøareal. Etter utvidinga blir Stølsheimen landskapsvernområde på om lag  $377 \text{ km}^2$  ( $4 \text{ km}^2$  er sjøareal).

### 2. Heimelsgrunnlag

Føremålet med utvidinga er å få heile Finnavorden med i Stølsheimen landskapsvernområde. Finnavorden vil utgjere ein sentral del av Stølsheimen landskapsvernområde og er den einaste staden der landskapsvernområdet går ned i havnivå. Området anbefalast derfor etablert som landskapsvernområde i medhald av naturvernloven § 5.

### 3. Verneverdiar

Finnavorden utgjer eit heilskapleg fjordlandskap med både urørt natur og eit verdfullt kulturlandskap som det vil vere av stor verdi å få med i landskapsvernområdet. Finnavorden er den einaste fjordarmen til Sognefjorden som er heilt utan bilveg. Utvidinga vil tilføre Stølsheimen landskapsvernområde store verneverdiar og sikre verneverdiene for framtida.

Kulturlandskapet på Finden er verdfullt og er saman med bygningsmiljøet på garden ein svært viktig del av opplevinga i Finnavorden. Heile planområdet har stor verdi for friluftsliv, særleg fotturar og båtliv. Området er også leveområde for arter på den norske raudlista.

### 4. Andre interesser

#### Landbruk

Det er i dag aktiv gardsdrift på Finden med 100 mjølkegeiter. Geitene er viktige for vedlikehald av kulturlandskapet. På Finden er det mange bygningar i samband med gardsdrifta og kaianlegget. Det kan vere aktuelt med noko bygningsmessige tiltak (restaureringar, mindre nybygg). På austsida av fjorden er det eit stort våningshus, eit uthus (løe) og eit naust på kaia.

### Motorferdsel

På Finnafjorden er det motorferdsel med båt. Det gjeld bruk av kombiekspresbåt, skyssbåt, turistbåtar og private båtar.

Det kan vere naudsynt med bruk av helikopter til transport i samband med jord- og skogbruk (inkluderer ikkje turisme). Traktor og anna eigna motorreidskap i Finden vil vere tillate i samband med jord- og skogbruk.

### Skogshogst

Det vert hogd skog til ved for eigen bruk. Både på aust og vestsida finst granplantefelt som nærmar seg hogstmoden alder. Fylkesmannen vil sjå det som ein føremon om all gran over tid vert fjerna, og ein fekk oppatt naturleg skog.

### Vegbygging

Den einaste vegen som er aktuell i området, er veg på sørsida av Sognefjorden frå Ortnevik til Vik/Arnafjord. I verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombord heiter det at forvaltningsstyresmakta kan på nærmere vilkår gje løyve til "opparbeiding av veg langs Sognefjorden og over Finnafjorden i samband med eit eventuelt vegprosjekt Arnafjord-Ortnevik". Fylkesmannen legg til grunn at prosessen ikkje legg opp til noka forskriftsendring her i samband med ei eventuell utviding i Finnafjorden, men at i praksis vil likevel landskapsvern truleg innebere sterke føringar på at ein eventuell veg bør gå mest mogleg i tunnel i Finnafjorden.

### Kraftlinjer

Det går ei kraftlinje på vestsida av fjorden. Denne gjev straum til Finden og Finnabotnen. Vanleg vedlikehald av linjene er tillate i verneforskrifta utan søknad.

### Jakt, fiske, friluftsliv

Området vert nytta til jakt og fiske. Finden er ein av mange innfallsportar til Stølsheimen og landskapsvernombordet. Fordi ein må i båt for å kome til/frå, er det ikkje av dei mest brukte.

### Turisme

Turisme på Finden vil vere positivt for busetting. Kring 2000 turistar vitjar Finden kvart år (2002). Dei aller fleste kjem med båt, nokre få kjem med helikopter.

Grunneigar er positiv til at all transport av turistar til og frå skjer med båt i framtida, fordi eit aukande press for bruk av helikopter vil i lengda kunne øydeleggje nokre av kvalitetane i området.

Telt vert unntaksvise nytta for å løyse mottak av turistar dersom det er regn, maks. 25 personer. Slikt telt vert sett opp i tunet på Finden for 1-2 dagar om gongen. Dersom det er aktuelt å setje opp eit permanent tak, er det i tilknyting til verkstaden som er aktuelt.

#### **4. Trugslar mot verneverdiane**

Trugsmål mot verneverdiane vil vere inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter - som til dømes vegar, kraftleidningar og bygningar som bryt med bygningsmiljøet på Finden.

#### **5. Sakshandsaming**

Stølsheimen landskapsvernombordet vart oppretta 21.12.1990. Bakgrunnen for opprettinga var «Ny landsplan for nasjonalparker» (NOU 1986:13) der Stølsheimen var eitt av områda som var tilrådd å sikre for ettertida. Initiativet til å utvide Stølsheimen landskapsvernombordet slik at heile Finnfjorden kjem med, kom frå grunneigarane gjennom synfaringar og brev i 2001.

Vik kommune gjorde vedtak 06.02.2003 om å gå inn for at Stølsheimen landskapsvernombordet kan utvidast, og sette som ein føresetnad for vedtaket *"at dette ikkje vert til hinder/fører til kostnadsauke for ein eventuell sørsideveg"*.

På denne bakgrunnen gav fylkesmannen i brev av 28.04.2003 til grunneigarane på Finden og Vik kommune melding om at arbeidet som grunneigarane har teke initiativ til, med å lage eit framlegg til utviding som gjeld heile Finnfjorden vart sett i gong. Utvidingsområdet gjaldt omlag 1,5 km<sup>2</sup> landareal og 2,5 km<sup>2</sup> sjøareal. Det vart gjennomført høyring med frist 20.04.2004.

#### **6. Viktige endringar under sakshandsaminga**

Grensene for utvidingsframlegget er ikkje endra under prosessen.

Fylkesmannen la til grunn at det ikkje skulle gjerast endringar i verneforskrifta for eksisterande Stølsheimen landskapsvernombordet som følge av utvidinga.

Fylkesmannen og DN gjer likevel framlegg om nokre mindre justeringar i høve at det no vert større sjøareal med i landskapsvernombordet. Det er tatt inn at *"Jakt og fiske kan føregå etter reglane i viltlova, innlandsfiskelova og saltvassfiskelova"*. Dette er av opplysande karakter og inneber ikkje noko realitetsendring. Det er også tatt inn at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til *"Oppføring av nye anlegg for Kystverket"*.

3 u. phb V. 16.09.17

3 tilbess til skrivende antydning

#### **7. Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar**

Fylkesmannen kan ikkje sjå at utvidinga av Stølsheimen landskapsvernombordet har administrative konsekvensar. Økonomisk meiner fylkesmannen at det vil vere behov for utarbeidning av ein skjøtselsplan, og at forvaltningsbudsjettet vert auka for å medverke til ivaretaking av kulturlandskap og verdfulle bygningar.

Fylkesmannen meiner at engasjementet av oppsyn bør aukast i omfang frå dagens ca 25% til minimum 50% av eit årsverk.

DN viser til at utgifter til vern og forvaltning av landskapsvernombordet blir dekka innafor eksisterande budsjettrammer. Det har likevel vore for lite ressursar til oppsynsaktivitet i dette området tidlegare, og ein bør i samband med utvidinga av verneområdet søke å auke omfanget av naturoppsyn monaleg. Det kan vere tenleg å

sjå dette i samanheng med naturoppsynet i Nærøyfjorden og tilgrensande verneområde, og samla sett vil det vere behov for ei ny SNO-stilling og noko meir ressursar til kjøp av oppsyns- og skjøtselstenester.

Miljøverndepartementet viser til DN sine merknader.

## **8. Merknader til vernereglane**

Det vart gjennomført ei felles lokal og sentral høyring med utsending av brev 20.02.2004 og høyringsfrist 20.04.2004. I alt 130 instansar lokalt, på fylkesnivå og nasjonalt nivå fekk verneframlegget til uttale. 21 instansar gav uttale.

I tillegg til departement med underliggende sentrale organ, grunneigarar, dei som har rettar i området, kommunen og fylkesinstansar, har følgjande organisasjonar og instansar hatt planen til uttale:

Lokale instanser:

Vik Idrettslag, Lensmannen i Vik, Vik jakt- og fiskelag, Vik Bondelag, Vik Bonde- og Småbrukarlag, Vik Sau- og geitealslag, Vik Turlag, Vik Turistkontor, Vik Historielag, Vik Skogeigarlag, Strendene Grunneigarlag, Bergen Turlag, Sogn og Fjordane Turlag, Forum for natur og friluftsliv, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Natur og ungdom Vestlandet, Statens Vegvesen Region Vest+A75, Statkraft Region Midt-Norge, Norges Vassdrags- og energidirektorat region vest, Sogn og Fj. Energiverk AS, BKK - Bergenshalvøens Kommunale Kraftselskap, Sognekraft A/S, Fiskerisjefen i Sogn og Fjordane, Kystverket, 2.distrikt, Kystverket - Kystdirektoratet, Havnevesenet i Måløy, Forsvarsbygg Region Sør- og Vestlandet, Fjordane HV-distrikt 10, Fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Hordaland, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Kommunenes Sentralforbund avd. Sogn og Fjordane, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, NHO Sogn og Fjordane, Norges Røde Kors Hjelpekorps svt. SF, Sogn og Fjordane Røde Kors Hjelpekorps, Norske lakselever Sogn og Fjordane, NORSKOG - Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Skogeigarlag, Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, Sogn og Fjordane Bondekvinnelag, Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane Fiskarlag, Sogn og Fjordane Jeger- og Fiskerforbund, Sogn og Fjordane politidistrikt, Sogn og Fjordane Reiselivsråd, Sogn og Fjordane Sau- og geitalslag, Sogn og Fjordane Skjeldyrkarlag, Statens Kartverk Sogn og Fjordane, Statskog SF Sør-Norge, Telenor AS, Førde, Vestlandsforskning, Statens naturoppsyn Jostedalsbreen, Fjellheimen villreinnemnd, Villreinutvalet for Fjellheimen,

Sentrale instanser:

Kommunenes sentralforbund, Forsvarsbygg, Fiskeridirektoratet, Statens Kartverk, Statens namnekonsulentar for Vestlandet, Statens landbruksforvaltning, Riksantikvaren, Bergvesenet, Norges Geologiske Undersøkelser, Telenor, Avinor AS, Luftfartstilsynet, Vegdirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat, Statkraft SF, Statnett SF, Statskog SF, Statens kulturminneråd, Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, NORSKOG, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norges Fjellstyresamband, Norges Fiskarlag, FHL Havbruk, Widerøe Flyselskap A/S, Norsk Aeroklubb, Norges Luftsportsforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norsk Botanisk Forening, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitoligisk Forening, Norsk Zoologisk Forening, Verdens Naturfond, Den Norske Turistforening, Friluftslivets fellesorganisasjon, Friluftsrådenes Landsforbund, Norsk Geologiråd, NGU, Norges Idrettsforbund, Norges Orienteringsforbund, Prosessindustriens landsforbund, Fortidsminneforeningen, Kulturvernets fellesorganisasjon, Norges Turistråd,

Reiselivsbedriftenes landsforening, Transportbedriftenes Landsforening, Fremtiden i våre hender, Greenpeace Norge, Miljøstiftelsen Bellona, Natur og Ungdom, Norges Miljøvernforbund, Norsk Allmenningsforbund, Villreinrådet i Norge, SABIMA, Norsk Biologiforening, Fiskerinæringens Landsforening, Norges Kystfiskarlag, Det Kgl. Selskap for Norges Vel, Utmarskommunenes sammenslutning, SKOGFORSK, JORDFORSK, Norsk Institutt for Vannforskning, Stiftelsen for naturforskning og kulturmineforskning, Universitetet i Bergen, Norges Landbrukskole, NTNU Vitenskapsmuseet, Norsk institutt for fiskeri- og havbruksforskning og Havforskningsinstituttet.

## GENERELLE MERKNADER

Grunneigarane (fellesuttale) ser framlegget som eit godt gjennomarbeidd dokument som vil vere eit viktig steg for framtida for Finden og Finnafjorden. Med utvidinga vil området kunne forvaltast meir einskapleg.

Fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane meiner at tradisjonell drift med slått og beiting vil vere avgjerande for skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskapet.

Fylkesmannen i Hordaland meiner framlegget vil styrke verneverdiane i Stølsheimen landskapsvernombord.

Friluftslivets fellesorganisasjon – FRIFO ser framlegget som eit viktig ledd i auka vorn av verdfulle fjordlandskap i Noreg.

Fylkesmannen meiner utviding av Stølsheimen landskapsvernombord med Finden og Finnafjorden vil tilføre Stølsheimen lvo store verneverdiar og sikre verneverdiane i området for framtida.

DN støtter fylkesmannens vurdering.

Miljøverndepartementet har merka seg og legg vekt på at initiativet til utvidingsframlegget er kome frå grunneigarane sjølv. Departementet meiner at utvidinga vil tilføre viktige verdiar til verneområdet og gjøre det lettare med ei meir heilskapleg forvaltning.

## Sørsideveg langs Sognefjorden

Vik kommune gjorde vedtak 06.02.2003 (før melding om oppstart av arbeidet med utviding av Stølsheimen) om å gå inn for at landskapsvernombordet kan utvidast, og sette som ein føresetnad for vedtaket "*at dette ikkje vert til hinder/fører til kostnadsauke for ein eventuell sørsideveg*".

Fylkesmannen hadde eit møte med Vik kommune og grunneigarane 25.01.2002 der Vik kommune tok spørsmålet om ein eventuell framtidig sørsideveg. Fylkesmannen sa då at ver neprosessen "legg ikkje opp til noka forskriftsendring her i samband med ei

eventuell utviding i Finnafjorden. I praksis vil likevel landskapsvern truleg innebere sterke føringar på at ein eventuell veg bør gå mest mogleg i tunnel i Finnafjorden.” Fylkesmannen legg til grunn at dei landskapsmessige vurderingane av eit eventuelt vegprosjekt gjennom Finnafjorden vil vere dei same uavhengig av vern.

Statens vegvesen region vest viser til at så lenge det ikkje ligg føre konkrete vegplanar, er det vanskeleg å seie meir om kva alternativ som kan verte aktuelt. Dei meiner det må takast vesentlege omsyn til landskapet dersom det kjem veg her, og reknar med at det må bli god kontakt med fylkesmannen for å avklare tilhøve til verneområdet.

DN støtter fylkesmannens vurdering.

Miljøverndepartementet meiner at vernet vil leggje føringar for ein eventuell veg, men at det bør være mogleg å finne løysningar som ikkje kjem i konflikt med verneverdiane.

#### **Merknader til avgrensing**

Ingen høyringsinstansar har merknader til grensene for utvidingsframlegget. Fylkesmannen og DN tilrår same grense som vart sendt på høyring.

Miljøverndepartementet støtter fylkesmannens og DN sitt forslag til grense.

#### **Merknader til verneforskriftene**

Sjølv om fylkesmannen la til grunn at framlegget om utviding av verneområdet ikkje skulle medføre endringar i verneforskrifta har det kome fleire endringsframlegg som følgje av at framlegget inneheld sjøareal.

Kystverket Vest føreset at deira interesser er dekka gjennom verneforskrifta.

Kystverket – Kystdirektoratet viser til innspel frå Kystverket Vest og ber om at det blir gjeve unntak frå verneforskrifta for drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og naudsynt ferdsel i samband med dette arbeidet, og at det etter søknad kan gjevast løyve til oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg og tilbygg til eksisterande anlegg for Kystverket. Kystverket har som føresetnad at der det er naudsynt med akutte tiltak i samband med etablering av navigasjonsinfrastruktur, må desse kunne etablerast raskt. Kystverket visert til at Miljøverndepartementet la til grunn ved framlegg av verneplan for kystregionen for Troms, at slik infrastruktur skal kunne etablerast raskt og at vernestyresmaktene i ettertid skal varslast. Kystverket tilrår at denne ordninga skal gjelde for alle vermeområde som får innverknad på eller grensar til sjø.

Sogn og Fjordane Fiskarlag meiner at motorferdsel og fiske for yrkesfiskarar må tillatast på fjorden. Naudsynte bygningar for fiskarar, som naust i lokal byggeskikk, må tillatast. Naust i strandsona er naudsynt for at fiskarar kan utføre yrkesfiske.

Fiskeridirektoratet viser til at då innhaldet i verneforskrifta ikkje er endra, går dei ut frå verneforskrifta også gjeld for sjøområda og at jakt(fangst) og fiske kan gå føre seg som før etter saltvassfiskelova. Fiskeridirektoratet ønskjer at det skal presisere at fiske etter saltvassfiskelova er tillate.

Fylkesmannen ser ikkje det som problematisk at det vert teke inn i verneforskrifta (under kap. V) at jakt og fiske kan gå føre seg etter reglane i viltlova, innlandsfiske-lova og saltvassfiskelova, då dette er av opplysand karakter og ikkje inneber ei realitetsendring. Fylkesmannen tilrår difor at denne tilføyninga i verneforskrifta blir gjort. Fylkesmannen nemner også at vernereglane elles ikkje er til hinder for å kunne gå på land for utøving av fiske i sjø. Fylkesmannen peiker på at motorferdsel på fjorden og fiske i fjorden er tillate.

Vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg er tillate. Det vil også gjelde Kystverket sine anlegg. Fylkesmannen tilrår å ta inn eit nytt punkt i verneforskrifta om at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til "*Oppføring av nye anlegg for Kystverket*". Fylkesmannen peiker på at grunneigarane har gjeve tilbakemelding om at dei ikkje har noko i mot at eit slikt punkt vert tatt inn i forskrifta.

DN støtter fylkesmannens tilråding.

Miljøverndepartementet har endra formuleringa i Kapittel VI punkt 9 frå *Oppføring av nye anlegg for Kystverket* til *Oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg, og tilbygg til eksisterende anlegg for Kystverket*. MD sluttar seg elles til fylkesmannens og direktoratets anbefalingar.

Etter førelegginga for andre rørte departement har MD etter innspel frå FKD gjort følgjande endringar i forskrifta:

I pkt V nr. 11 er *fangst* tatt med i opplistinga over aktivitetar som er tillate. Det er og tatt inn eit nytt nr. 16: *Fortøyning av båtar til land og ferdslle på land i samband med bruk av landfester under utøving av yrkesfiske i sjø*, og eit nytt nr. 17:

*Havbeiteverksemdu utan faste installasjonar over vann i medhald av lov om havbeite.* I pkt. VI er det tatt inn eit nytt nr. 10: *Etablering av havbruksanlegg utan installasjonar på land og utan særleg synlege anlegg på sjøoverflata.*

Eventuell ny verksemdu, eller nye løysningar innan gamal verksemdu (eks. innan havbruk/havbeite) vil bli vurdert i forhold til verneføremål etter dei føringar som er lagt vekt på i St. meld nr 43 (1998-99) *Vern og bruk av kystsonen*.

MD ser at uttrykket *særleg* kan skape grunnlag for vurderingar av kor mykje eit eventuelt anlegg kan tillatast å synes. Departementet legg til grunn at havbruksanlegg ikkje må vere så synleg at det kjem i konflikt med verneføremålet.

## **Landbruk**

Fylkeslandbruksstyret kan ikkje sjå at vernet vil ha avgjerande negative verknader for tradisjonell landbruksdrift. Dei føreset vidare at planta granfelt som vert foreslått fjerna over tid får vekse fram til hogsttidspunktet, og avverking skje på vanleg måte. Dei forstår det slik at det då kan plantast furu der dette er det naturlege treslaget.

Statens Landbruksforvaltning meiner det generelt må vere eit overordna mål å sikre balansert bruk og vern av aktuelle natur- eller kulturlandskap, og er positive til at framlegget tek omsyn til at landbruket kan halde fram og at det blir mogleg å utvikle drifta vidare. Det er viktig at det blir lagt til rette for å utvikle eksisterande og potensielle driftsformer som er berekraftige og i samsvar med verneformålet.

Fylkesmannen meiner det er fullt mogleg å få til ein god balanse mellom vern og bruk innan dei reglane ein har i landskapsvernombordet i dag. Det vil vere naturleg at dette vert nærmere avklart gjennom ein skjøtselsplan for området. Fylkesmannen går inn for at ein skjøtselsplan vert utarbeidd så snart som mogleg etter vedtak. Fylkesmannen har lagt til grunn at planta granfelt kan avverkast når det passar grunneigar, men gjerne så raskt som mogleg. Verneforskrifta gjev ikkje opning for å plante furu (og andre tre i området), slik at naturleg framvekst av skog der grunneigarane ønskjer det vil vere den mest trulege framtida etter avverking av grana.

DN støtter fylkesmannens vurdering og tilråding.

Miljøverndepartementet seier seg samd med fylkesmannen og DN.

#### Akvakultur

Fiskeridirektoratet tek opp at det bør gå fram av framlegget at tradisjonell bruk av ressursar kan skje som før, og at verksemdu i fjorden som ikkje endrar landskapets art eller karakter kan setjast i gang etter vanleg regelverk, slik at akvakultur ikkje vert utestengd automatisk, t.d. at det kan vere mogleg med havbeite.

Fylkesmannen meiner det vil vere uheldig å etablere oppdrettsanlegg i Finnfjorden av omsyn til landskapsbiletet. Fylkesmannen viser til at fjordområdet vert omfatta av Stortinget sitt vedtak om Sognefjorden som nasjonal laksefjord - der det ikkje vert gjeve løyve til oppdrett av anadrome artar av matfisk. Fylkesmannen viser elles til at reglane for landskapsvernombordet ikkje gjeld under havnivå.

DN støtter fylkesmannens vurdering og tilråding.

Miljøverndepartementet er samd med fylkesmannen og viser til at generelt kan aktivitetar som ikkje er i strid med verneforskrifta, tillatast.

#### Friluftsliv

Både Bergen Turlag, Sogn og Fjordane Turlag og Friluftslivets fellesorganisasjon – FRIFO ser framlegget som positivt for friluftslivet. FRIFO tek opp at turstiane Finnabotnen-Finden og Finden-Skjemmedalen bør bli vedlikehaldne.

Fylkesmannen viser til at stiane vil bli vedlikehaldne, men at i utgangspunktet må merking ha løyve frå grunneigarane, og det skal mykje til for at forvaltningsstyresmakta vil overprøve deira avgjærder når det gjeld dette.

DN støtter fylkesmannens vurdering.

Miljøverndepartementet er samd i at det framleis bør vere mogleg å drive friluftsliv her.

### **Turisme**

Fylkeslandbruksstyret ser det som vesentleg at vernereglane ikkje vil vere til hinder for ny næringsverksemd knytt til opplevelingsturisme og reiseliv. Særleg oppattbygginga av stølshusvere ser Fylkeslandbruksstyret som aktuelt i samband med turisme.

Reiselivsbedriftenes Landsforening Vest-Norge ser vern i tråd med dei verdiar og den kvalitet ein ønskjer å ivareta i denne flotte naturen.

Fylkesmannen ser ikkje problem knytt til utviklinga av reiseliv innan gardsturisme slik grunneigar legg opp til. Likevel er det naturleg at dette vert teke opp i ein skjøtselsplan. Fylkesmannen viser elles til si framstilling i høyringsframleggelsen der det går fram at bruk av båt vil vere aktuelt transportmiddel for å bringe turistar inn i området.

Når det gjeld oppføring av stølshusvære har fylkesmannen i verneframleggelsen signalisert at det vil vere opning for å gi løyve til oppføring av stølshus på stølen Skjemmedalen så lenge ein følgjer tradisjonell byggeskikk.

DN støtter fylkesmannens tilråding.

Miljøverndepartementet viser til at generelt kan aktivitetar som ikkje er i strid med verneforskrifta, tillatast. Departementet vil likevel gjere merksam på at mange aktivitetar også regulerast av anna lovverk enn verneforskrifta.

### **Naust og andre bygningar**

Sogn og Fjordane Fiskarlag meiner at naudsynte bygningar for fiskarar, som naust i lokal byggeskikk, må tillatast, då naust i strandsona er naudsynt for at fiskarar kan utføre yrkesfiske.

Grunneigar har teke opp at han ønskjer å ta vare på bygningsmiljøet på Finden. Eigarane av hytte på Finden tek opp at dei har ved kjøpet fått løyve av eigar av eigedomene som hytta er utskilt frå, til å lage til båtplass/feste og naustplass. Desse planane er til no ikkje realiserte pga sjukdom m.m.

Fylkesmannen ser det ikkje som aktuelt å opne for at det kan byggjast naust ”rundt omkring” i Finnafjorden slik Sogn og Fjordane Fiskarlag tek opp, då noko av formålet med vern er å ta vare på den urørde naturen langs sjøen i fjordlandskapet.

Fylkesmannen vil vise til at det er slike naust og andre bygningar i Finden og andre stader langs Sognefjorden, og at eventuelle nye naust bør leggjast hit. Fylkesmannen ser det som svært positivt at grunneigarane vil ta vare på bygningsmiljøet, og vil

saman med fylkeskonservator kunne gi råd om dette. Vi kan ikkje sjå at det er spesielle problem knytt til å lage til båtplass og naust slik eigarar av hytte på Finden tek opp, sidan det gjeld tiltak som vil vere i tilknyting til og inngå i eksisterande bygningsmiljø.

DN støtter fylkesmannens vurdering og tilråding.

Miljøverndepartementet seier seg samd med fylkesmannen og DN.

#### **Anlegg og andre tiltak**

Grunneigar har teke opp at han ønskjer å gjere ferdig kaia i Finden mot sundet. Han ønskjer og å attskape Vetlestraumen mot øya i Straumen, og føre opp ei bru brei nok for traktor over sundet. Sundet vart fylt med fyllmasse for fleire tiår sidan.

Fylkesmannen meiner tiltaket på kaia vil gjere denne penare. Han ser også positivt på å gjenskape sundet Vetlestraumen og byggje bru (også for traktor) over til øya.

DN støtter fylkesmannens tilråding.

Miljøverndepartementet støtter tilrådinga frå fylkesmannen og DN.

#### **Skjøtselsplan**

Det er utarbeidd ein forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde. Når ein med utvidinga i Finnafjorden får inn eit område med busetting og aktiv turisme og fritidsbruk, meiner fylkesmannen det vil vere ein stor fordel å utarbeide ein skjøtselsplan, ikkje minst for å sjå tilhøvet mellom vern og bruk i ein heilskap. Skjøtselsplanen vil bygge på forvaltningsplanen.

DN støtter fylkesmannens vurdering.

Miljøverndepartementet sluttar seg til fylkesmannen og DN sine merknader.

#### **Oppsyn**

Fylkesmannen meiner generelt at oppsynet i Stølsheimen landskapsvernområde må styrkast. Ei utviding i Finnafjorden aktualiserer dette. På denne bakgrunnen vil fylkesmannen framheve at engasjementet av oppsyn i Stølsheimen landskapsvern-område bør aukast i omfang frå dagens ca 25 % til minimum 50 % av eit årsverk., og at dette bør skje gjennom Statens naturoppsyn ( fram til og med 2004 er det Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som har engasjert dette deltidsoppsynet). Fylkesmannen meiner samstundes at det er naturleg at behovet for statleg naturoppsyn i Stølsheimen vert vurdert i samanheng med behovet for naturoppsyn i Nærøyfjordområdet.

DN viser til at Statens naturoppsyn (SNO) har eit særleg ansvar for nasjonale verneverdiar og oppsynsoppgåver av statleg karakter, og det statlege naturoppsynet

skal i første rekke ha slike oppgåver som er skildra i Lov av 21.juni 1996 om statleg naturoppsyn.

Stølsheimen har i dag mest lokal og regional bruk, men har om sommaren eit auka besøk. Aktiviteten i området er mest knytt til friluftsliv, jakt og fiske. I tillegg er det noko beiting mv, og aktivitet rundt dei mange stølane i området. Det er venta auka bruk av dette området i åra framover, og det bør difor leggast opp til ei betre oppfølging av området gjennom vegleing og informasjon, og kontroll med at bruken skjer iht verneforskriftene. Det vil også vere eit aukande behov for skjøtsel, både i statleg regi og i samarbeid med grunneigarar mv.

SNO har gjennom sin nye stilling i Aurland frå 2005 overtatt ansvaret for oppsynet i dagens Stølsheimen landskapsvernombord, og det er etablert eit tenestekjøp frå lokal oppsynsmann i same omfang som tidlegare, knytt til både oppsyn og diverse tiltak og skjøtsel i området. DN seier seg einig med fylkesmannen i at det er behov for ei monaleg styrking av oppsynet i Stølsheimen.

DN er også einige i at det er naturleg at behovet for statleg naturoppsyn i Stølsheimen vert vurdert i samanheng med behovet for naturoppsyn i Nærøyfjordområdet. DN legg til grunn at det må vere ein monaleg statleg innsats i desse nasjonalt viktige områda. Samtidig vil samarbeid med lokale oppsynsaktørar vere viktig for å sikre gode samarbeidsrelasjoner og god lokal forankring.

DN støtter Fylkesmannen si vurdering at oppsynsbehovet i det nye Stølsheimen landskapsvernombord vil vere ca. ½ årsverk, og meiner samtidig det blir viktig å få eit samla grep om statleg naturoppsyn i dei nye store verneområda i dette distriktet. DN vil difor anbefale at det auka oppsynet løysast gjennom ein kombinasjon av ei ny SNO-stilling til Nærøyfjorden/Stølsheimen, og noko midlar til auka tenestekjøp frå lokalt oppsyn. Dette vil i ein breiare oppsynssamanhang også gi rom for ein fleksibel utnytting av oppsynsressursane i heile dette fjordlandskapet i både regionalt og tematisk perspektiv. DN har tidlegare foreslått at det opprettaast to SNO-stillingar i Nærøyfjorden, men førebels er berre ei stilling etablert. DN minner om at utnemninga av Nærøyfjorden til verdsarvområde også styrkjer behovet for meir statleg oppsyn i området.

Miljøverndepartementet viser til direktoratet sine merknader. Midlar til oppsyn vil elles bli henta frå dei til ein kvar tid gjeldande budsjetttrammer.

Miljøverndepartementet

tilrår

Endring av forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde fastsettes i  
samsvar med vedlagte forslag (vedlegg 1)

**Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde i Høyanger og Vik kommunar i Sogn og Fjordane fylke og Modalen, Vaksdal og Voss kommunar i Hordaland fylke.**

**Fastsatt ved kronprinsregenten sin resolusjon av 21.desember 1990 om oppretting av Stølsheimen landskapsvernområde i Vik og Høyanger kommunar i Sogn og Fjordane fylke og i Modalen, Vaksdal og Voss kommunar i Hordaland fylke.**

I

I medhald av lov om naturvern av 19.juni 1970 nr 63, §5, jf. §6 og §§21, 22 og 23, er eit område i Stølsheimen i Høyanger og Vik kommunar i Sogn og Fjordane fylke og i Modalen, Vaksdal og Voss kommunar i Hordaland fylke ved kronprinsregenten sin resolusjon av 21.desember 1990 verna som landskapsvernområde under namnet «Stølsheimen landskapsvernområde».

Med heimel i kgl. res. av 3. juli 1987 og Miljøverndepartementet si delegering av 3. november 1988 er forskrifa endra ved Direktoratet for naturforvaltning sitt vedtak av 24. mars 1998 og ved kgl. res. 16 desember 2005.

II

Landskapsvernområdet er omlag 377 km<sup>2</sup> stort, av dette omlag 4 km<sup>2</sup> sjøareal, og omfattar heile eller deler av gnr./bnr.:

Sogn og Fjordane

Høyanger kommune: 1/1, 1/2, 2/1, 2/2, 2/3, 2/4, 2/5, 2/7, 3/1, 3/2, 4/1, 4/2, 4/3, 4/4, 4/5, 4/6, 4/8, 4/9, 5/1, 5/2, 6/1, 6/2, 115/1, 115/2.

Vik kommune: 56/1, 56/2, 56/3, 56/11, 56/12, 56/13, 57/1, 58/1, 58/2, 58/4, 58/6, 59/5, 60/1, 60/2, 60/3, 60/4, 60/5, 60/6, 60/8, 60/12, 60/13, 60/14, 60/15, 60/16, 60/17, 61/1, 61/2, 61/3, 61/4, 62/1, 62/2, 62/3, 62/4, 63/2, 63/3, 64/2, 64/3, 64/4, 64/5, 64/8, 64/10, 64/12, 64/13, 64/24, 65/1, 65/2, 65/3, 66/1, 66/2, 66/3, 66/4, 67/1, 67/2, 68/1, 68/2, 68/3, 68/4, 68/6, 68/7, 68/8, 68/9, 68/10, 69/1, 69/2, 70/1, 71/1, 71/2, 71/3, 72/1, 72/2, 72/3, 73/1, 73/2, 74/1, 75/1, 75/2, 75/3.

Hordaland

Modalen kommune: 84/2, 84/3, 84/5, 84/12, 85/1, 85/2, 85/3, 85/4, 85/16, 85/17, 85/22.

Vaksdal kommune: 67/1, 67/2, 67/3, 69/1, 69/2, 69/3, 69/4, 69/5, 69/7, 69/9.

Voss kommune: 59/1, 271/1, 271/2, 271/3, 271/4, 272/1, 272/2, 272/3, 272/4, 272/5, 272/6, 272/7, 272/8, 273/1, 273/2, 274/1, 274/2, 274/3, 274/4, 274/5, 274/6, 275/1, 275/2, 275/3, 275/4, 275/5, 276/1, 276/8, 277/1, 277/2, 277/3, 277/4, 277/7, 277/8, 277/10, 277/15, 278/1, 278/2, 278/3, 279/1, 279/2, 279/3, 279/4, 279/5, 279/6, 280/1, 280/2, 280/3, 280/9, 282/1, 282/2, 282/3, 282/4, 282/6, 282/8, 283/1, 283/2, 283/3, 283/4, 283/8, 284/1, 284/2, 284/3, 284/4, 284/5, 285/1, 285/3, 285/4, 285/5, 312/1.

Grensene for landskapsvernområdet går fram av kart (målestokk 1:50 000), datert Miljøverndepartementet desember 2005.

Kartet og forskriftene for området er arkiverte i Høyanger, Vik, Modalen, Vaksdal og Voss kommunar, hos fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane, hos Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal merkast i marka, og knekkpunkt i grenselina skal koordinatfestast.

### III

Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.

### IV

For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Alle inngrep eller verksemd som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, fjerning eller inngrep i faste kulturminner frå nyare tid, så som bygningar, vegar, gamle kve m.m., framføring av luftleidningar, bygging av vegar, drenering, og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, attlegging av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel, utslepp av koncentrerte forureiningstilførslar m.v. Opplistinga er ikkje uttømmande.
2. Oppdyrkning eller endring i den naturlege samansettningen av treslag ved skogkultur er forbode. Snauhogst er berre tillate i samråd med forvalningsstyresmakta og dersom kvar hogstflate er mindre enn 5 da. Ny skog skal kome naturleg, men furu kan plantast der den er det naturlege treslaget.
3. Særmerkte og dekorative tre skal ikkje fellast, heller ikkje daude tre som er med på å prega landskapet.
4. Motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode.

Unntak frå desse reglane er oppført i pkt. V og VI.

### V

Reglane i pkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd, og tiltak i ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingssamanheng.
2. Motorferdsle i samband med naudsynt transport i jord- og skogbruksverksemd.
3. Bruk av motorbåt på Finnafjorden.
4. Bruk av helikopter til vedlikehald av Televerkets reflektorpunkt på Rotteskardet.
5. Naudsynt transport til turisthytter med beltekøyretøy på vinterføre.
6. Vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg, merka turiststigar, vegar, kraft- og telefonliner og vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materialar.

7. Utmarksbeite.
8. Gjødsling og manuell rydding av stølsbørar.
9. Bærplukking og soppssanking.
10. Bruk av nedfalle virke og tørre eller friske kvistar til bål på staden. Tørre tre på rot må ikkje fellast.
11. Jakt, fangst og fiske etter reglane i viltlova, innlandsfiskelova og saltvassfiskelova
12. Forsvarleg nedgraving/brenning av avfall ved dei faste overnatningsplassane.
13. Underjordisk prøvedrift etter talk i medhald av konsesjon gjeve av Landbruksdepartementet 29. oktober 1985. Bygging av veg frå Kvilesteinsvatnet til Raudbergdalen og bygging av oppstillingsplass utanfor tunnelopninga i samband med prøvedrifta. Arbeidet skal planleggjast og utøvast i samråd med forvaltningsstyresmakta.
14. Underjordisk bergverksdrift frå tunnelopning utanfor verneområdet i samband med uttak av talk. Luftekanalar og eventuelt andre synlege inngrep innanfor landskapsvernområdet skal utformast i samråd med forvaltningsstyresmakta.
15. Gjennomføring av dei to kategori I-prosjekta i Samla plan som gjeld overføring frå øvre del av Tuledalen til Åsebotn kraftverk i Modalsvassdraget og bekkeinntak i Stordalen (alt. V2 i Ortnevikvassdraget) i samband med utbygging av Østerbø/Mjølvik i samsvar med Stortinget sitt vedtak.
16. Fortøyning av båtar til land og ferdslle på land i samband med bruk av landfester under utøving av yrkesfiske i sjø.
17. Havbeiteverksemnd utan faste installasjonar over vann i medhald av lov om havbeite.

## VI

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan på nærmare vilkår gje løyve til:

1. Endring av driftsformer i landbruket som kan få vesentleg innverknad på landskapet sin art eller karakter, slik som nydyrkning og oppføring av nye stølsanlegg m.v.
2. Oppføring av gjetarhytter, buer og naust, og andre bygg i samband med landbruksdrift, tilpassa tradisjonelt bygningsmiljø på staden.
3. Restaurering og gjennoppføring av stølshus i stølsområda etter plan og teikningar utarbeidde i samråd med fylkeskonservatoren.
4. Oppføring, utviding eller ombygging av turisthytter for allmenn bruk.
5. Oppmerking av nye turistruter, bygging av klopper, oppsetting av vegvisar m.v.
6. Naudsynt motorisert transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materialar og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når andre særlege grunnar ligg føre.
7. Enkle anlegg på overflata i samband med underjordisk prøvedrift etter talk, sjå pkt. V nr 13.
8. Opparbeiding av veg langs Sognefjorden og over Finnfjorden i samband med eit eventuelt vegprosjekt Arnafjord - Ortnevik.
9. Oppføring av nye anlegg og tilbygg til eksisterande anlegg for Kystverket.
10. Etablering av havbruksanlegg utan installasjonar på land og utan særleg synlege anlegg på sjøoverflata.

**VII**

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane for vitskaplege granskingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller i særskilde høve når det ikkje stirr mot føremål med vernet.

**VIII**

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan setje i verk slik skjøtsel som trengst for å oppfylle føremålet med vernet. Det kan utarbeidast skjøtselsplan for landskapsvernombrådet med retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

**IX**

Direktoratet for naturforvaltning fastsett kven som er forvalningsstyresmakt for landskapsvernombrådet.

**X**

Denne forskrifta trer i kraft straks.